



Nr 2 – 2025

Møta nye venner – Sökja Gud – Få del i oppdraget

møte:plassen



GOD SOMMAR!

Konfirmantane
på Undheim
s. 4 -5

Ny spalte:
Tru i kvardagen
s. 10

Ungdom i Oppdrag
Helge Gullestad
s. 12 - 14

Tankar i tida

Glimt av Gud?

Far min døydde i ei ulykka august -97.
Eit år etter skulle me samles på plassen der
ulykka hendte og legge ned blomster.
Då viste det seg eit kors på himmelen!
Det var to flystriper som laga eit kors rett over
ulykkesplassen. Tilfeldig? Eg velger å bruke ordet
Gudfeldig. Eit teikn frå Gud?

Dette har eg tenkt mykje på i alle desse åra. Eg
velger å tru at Gud er med oss både i sorg og
glede. Og at eg skal få treffe far min igjen i
himmelen.

Har du fått eit glimt av Gud? Teikn i naturen?
Regnbogen? Ein Stein forma som eit hjerte?
Nokre tre som dannar ein portal?

Eg syns det er fint å gå i naturen og sjå på alt som
Gud har skapt.

Salme 37,5: Legg din vei i Herrens hånd, stol på
ham, så griper han inn.

Pia Norunn Risa



møte:plassen

2 - 2025 20. årgang

UTGJEVAR:
Undheim sokneråd

REDAKSJONEN:
Siv H. Undheim - redaktør
Håkon Rettedal Losvik
Laila Undheim
Hanne Brit Sandsmark

ADRESSE:
Møteplassen
Time kyrkjekontor
Pb 373, 4349 Bryne

E-POST:
nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:
www.undheimkyrkja.no
www.timekyrkja.no

TRYKK:
Jærprint, Bryne

OPPLAG: 620 eks.

UNDHEIM SOKNERÅD:
Kontonr. 3290.57.20723
Givarkonto: 3325.21.55657

FORSIDE:
7. klasse med flaggborg
på 17. mai.
Foto: Siv H. Undheim



Min song

Han vil bære deg

Norsk tekst: Øyvind Offerdal

Samme hvor stort et problem,
det kan Gud løse.

Samme hvor mektige fjell,
det kan han flytte.

Samme hvor veldig en storm,
den kan Gud stille.

Samme hvor inderlig sorg,
den kan han lindre.

/: Om han bærer alene vår
jord i sine hender.

Likevel vet jeg at han kan
bære deg :/

Han sa: Kom inntil meg du
som fortviler.

Og jeg vil gi deg fred.

Samme hvor stort et problem,
det kan Gud løse.

Samme hvor mektige fjell,
det kan han flytte.

Samme hvor veldig en storm,
den kan Gud stille.

Samme hvor inderlig sorg,
den kan han lindre.

/: Om han bærer alene vår
jord i sine hender

Likevel vet jeg at han kan
bære deg :/



Denne sangen har DeKor i sitt repertoar. Den forteller om Guds løfter, at Han har lovet å være med gjennom alle slags dager. Det gir håp og trøst i eget liv, og for verden rundt oss.

"For jeg vet hvilke tanker jeg har med dere, sier Herren, fredstanker og ikke ulykkestanker. Jeg vil gi dere fremtid og håp" Jer. 29,11

Ragnhild Bakke Waale uttrykker Håp på denne måten:

***Håp er som lyktestolper
på høstgrå veistrekninger.***

***Håp er som roseportaler
over helt vanlige hverdager.***

***Håp er som hvite madonnaliljer
på menneskenes krigsstier.***

***Håp er vår Herres mektige hender
som skaper broer over stygge stup.***

***Håp
er.***

God sommer med Håp.



Konfirmantar på Undheim

Bak frå ve.: Frederik Schluss, Håkon Undheim (delvis skjult) Olav Reiten
Magnus Undheim (delvis skjult),

Framme frå ve: sokneprest Nadine Vaagen, Tora Eikeland,
Marie Risa, Rebekka Bjørkmo, Floortje



11.05.2025

Mellemstrand, Jan Risa Taksdal, Mats W. Undheim,
Ingvald Risa, Sven Tjåland

Ruth Oline Fosse, Ola Tunheim Måuland,
Gerritsen, kateket Ingfrid Time Nærland

Fekk du ein av desse på døra
med innsamlingsbøsse i april?
Konfirmantane på Undheim
samla inn **kr. 20 526,-** til årets
fasteaksjon. Imponerande
innsats!

**DET ER HÅP
I EIN DROPE
VATN**

**TAKK FOR STØTTA
UNDER ÅRETS FASTEAKSJON**

Fekk du ikkje gjeve?
VIPPS til 2426

KIRKENES NØDHJELP
achterlance

Konfirmant neste år?

Angåande leige av kyrkjekjellaren til konfirmasjonsfest:

De frå Undheim sokn som ynskjer å leiga kyrkjekjellaren til konfirmasjonsfest i 2026, kan søkja kyrkjestyret ved Torvald Tjåland.

Frist: innan 1.juli i år.

tlf.: 91359619

e-post:

einarmalenius@gmail.com

Me vil føreta trekning av innkomne søknader innan ei veke etter fristen.

Kyrkjestyret.

Open kyrkje

Velkommen til Undheim kyrkje!

Tekst: Maria Praxedes U. Slettebø

Diakon Praxedes kjem til å være i kyrkja på faste tider denne sommaren. Ho er tilgjengeleg for både formelle og uformelle besøk.



Kva gjer ein diakon?

Ordet diakon tyder tenar på gresk. Vi er kyrkja sine omsorgsarbeidaran.

Oppgåvene våre er allsidige og varierer frå stad til stad, avhengig av lokale behov. Til dømes kan vi hjelpe frivillige med å setje i gang ideane og draumane sine om å starte ein møteplass.

Diakoni som fag er opptatt av inkludering. Det handler om å inkludere folk i eit fellesskap og leggje til rette for gode møteplassar mellom menneske.



Felles for alle diakonar er at vi møter menneske i vanskelege livssituasjoner. Ofte handlar det om å tilby samtalar til dei som treng nokon å snakke med fordi livet er vanskeleg og tungt. Av og til kan det vere godt å dele tankar om livet, trua eller spesielle utfordringar med nokon. Diakonen har teieplikt og tid til å lytte.

Diakonen tilbyr også «pilegrims-samtalar» med fokus på gudsforholdet.

Du trenger ikkje å være kristen for å snakke med ein diakon.

Datoar:

- 4. 18. og 25. juni
- 2. juli



Hjelp barn i hjem med rus



90.000 barn i Norge vokser opp i hjem med rus. Med din støtte kan vi hjelpe flere familier som strever!

Gjør barnas hverdag litt lysere.

Gi din gave på **Vipps 936679**

Blå Kors



Grøn dag på Undheim

3. mai var det igjen duka for arrangementet "Grøn dag på Undheim". Her var det mykje folk og god stemning, både inne og utanfor kyrkja.

Tekst og foto: Siv H. Undheim

Det er NMS-foreiningane i Time som står bak det heile. Det var sal av frø og blomar, ute- og inneplantar, etelege og ikkje-etelege. Det var også sal av anna handverk. I tillegg var det



både levande musikk og korsong, samt loddosal og utloddning av gevinstar. Og sjølvsgåt var det mat å kjøpe, både brennesle- og gulrotsuppe, kaker og kaffi.

Det er eit stort arbeid komiteen legg ned både i forkant og under sjølv dagen. Og det kom inn over 70 000 kroner. Det er svært imponerande!

Inntektene går i sin heilskap til NMS sine prosjekt.



Runar Undhiem og Olaug Iren Rasmussen er godt nøgde med fangsten på Grøn dag.

Tru i kvardagen

«Vi skapar vanar, vanar skapar oss», er det nokon som har sagt. Slik er det med trening, slik er det med tru.

Tekst: Nadine Vaagen

Dette med tru er enklare og meir tilgjengeleg enn vi ofte tenker. Det er noko for dei yngste og de eldste og alle oss i mellom.

Tru går hand i hand med handling. Og kanskje tru ofte byrjar med ei handling som blir til tru, til ei erfaring av den evige, heilage, allmektige Gud her og no i min alminnelege kvardag. Kanskje tru byrjar med at vi gjer noko.

At vi kjem med eit nyfødt barn til kyrkja og let det døype. Ei handling som gjer noko med oss, som skapar tru.

Kanskje det byrjar med at vi tenner eit lys i lysgloben, at vi går innom ei open kyrkje i det landet vi ferierer, og så gjer det noko med oss. Noko godt. Det vekker ei lengsle etter meir.

Tru er praksis. Ved «å gjere tru» kan det bli enklare å sjå Guds spor i eigen kvardag, ta imot Guds nåde, og gje den vidare i ord og handling. Og det beste: Truspraksis treng ikkje vere komplisert eller tidkrevjande.

Du treng ikkje kome til kyrkja ei gong (sjølv om eg anbefalar deg på det varmaste å stikke innom ein gudsteneste eller ein pizzakveld!). Du kan halde på medan du steller i fjøset, medan du kører frå A til B, medan du lagar middag eller når du sit ved senga og venter på at ungen får sove.


I denne spalta vil eg framover dele nokon konkrete tips om korleis tru kan praktiserast. Så vil eg meir enn gjerne høre kva erfaringar du gjer deg, eller om du sjølv har eit tips til tru i kvardagen.



Kontakt meg på tlf.: 413 91 649 eller e-post: nv774@kirken.no.

Og hugs: Å etablere ein ny vane tek gjennom-snittleg 66 dagar. Så gje det litt tid. Dessutan er vi forskjellege: Nokon tips kjem til å vere midt i blinken for deg, andre vil derimot passe for naboen din.

Helsing Nadine



Tru i kvardagen - tips: app

Denne gongen vil eg tipse om ein app eg nyleg har teke i bruk. Appen er gratis og heiter **Lectio 365**. Det er ein andaktsapp (på engelsk) som hjelper deg til å ta ein dagleg pause på ca. ti minutt i Guds nærvær. Jesus og disiplane fulgte den jødiske tradisjonen med å be tre gonger om dagen. Den tidlege kyrkja fortsette denne praksisen. **Lectio 365** inviterer til å slutte seg til denne eldgamle rytmen og be som Jesus gjorde, med tre korte bønnetider for å senke farten, finne ro, meditere over Bibelen og oppleve Guds nærvær.

Det finst også ei (norsk) Facebook-gruppe knytt til appen kor ein kan dele erfaringar. Det kan vere enklare å be saman med andre, eller når nokon leier bønna. Det hjelper appen med. Eg startar dagen med den når eg sit i bilen på veg til kontoret, og igjen når eg fartar vidare. Kveldsbønna er det fortare å gløyme av. Men appen har likevel hjulpe meg å oftare stoppe opp og kople meg på Gud. Dette gjer noko med korleis eg går inn i situasjonar og møter andre.

Nytt frå Sokneråd og dagleg leiar

Tekst: Håkon Rettedal Losvik

Ikkje før me har fått skikkeleg ferten av sommar så er det på tide for sokneråd, prest og dagleg leiar å tenke på hausten. Dataar for dei fleste lag, aktivitetar og møter er på plass, og kan finnast i denne utgåva av Møteplassen.

Soknerådet har vedteke å gå inn i ein avtale med Naturlig Menighetsutvikling (NaMu). Dei er ein organisasjon som har lang og brei erfaring med å rettleie kyrkjesamfunn. Dei bygger på bibelske prinsipp, vitskapleg kunnskap og vekstmekanismer me kjenner frå skaparverket. Me vil gjennomføre ei spørjeundersøking som me skal få hjelp av ein røynd rettleiar til å tolke. Ut frå resultatet av denne undersøkinga vil me velje ut nokre områder me skal satse ekstra på framover. Det vert ei spanande tid. Ta kontakt med Håkon eller Hanne Brit om du har spørsmål rundt dette. Du kan også sjå meir på namunorge.no.

I haust vert det og ei omlegging i måten me registrerer gjevarteneste. Me må over i eit system som heiter Solidus. Ein av fordelane med dette er at dei som vil kan registrere det dei gjer i offer på søndagane inn i systemet slik at dei kan få skattetrekk for det, i tillegg til skattetrekk for fast gjevarteneste. Det er sjølv sagt frivillig. Meir informasjon om dette kjem med tida.

UKUF rettar ein stor takk til Jon-Kaspar Bjørge, som har vore med som voksen i



fleire år. Han har vore ein roleg og trygg voksen som har møtt trufast opp for å vere med ungdommen. Saman med kona Karen flytter han til Ålgård, og me ønskjer dei lukke til i ein ny heim. Mange takk for innsatsen du har lagt ned for å skape ein møteplass for ungdom på Undheim, Jon-Kaspar.

Jan-Tore Erikstad held fram som voksen i UKUF, men me treng ein til som kan tenke seg å vere med ungdommane nokre timer annakvar laurdag. Dersom det er deg, eller du veit om nokon som kunne passe tar du kontakt med meg på hl366@kirken.no

God sommar!
Helsing Håkon
Dagleg leiar og kyrkjelydsutviklar



Støtte til Ungdom i Oppdrag (UiO)

I 2024 avslutta soknerådet samarbeidet med Terry English og Josiah Venture i Tsjekkia. Terry gjekk ut av organisasjonen og over i anna verksemd, og det vart naturleg å setje stopp.

Me blei tipsa om at det er to unge karar frå Undheim som er aktive i Ungdom i Oppdrag. Me har derfor velt å støtte dei i 2025. Takkofferet 27.april gjekk til det. Dei treng støtte til reise og livsopphald, og lever på gåver frå venner og familie. Me vil også oppfordre folk til å sjå om dei kan gje ei enkelt gave eller eit fast månadleg beløp.

Me har bedt dei om å fortelje litt om seg sjølv og arbeidet dei held på med gjennom UiO. Under her får du møta **Helge Gullestad**, og i sist nummer av Møteplassen kunne me lese om **Per Undheim**.

Ungdom i Oppdrag: den norske avdelingen til den internasjonale organisasjonen Youth With a Mission. Driver tolv sentre i Norge. Organisasjonen driver misjonsarbeid over hele verden, har en rekke sentere og flere tusen medarbeidere. Les mer på www.ywam.no

Ungdom i Oppdrag

Helge Gullestad



Moske i Tasjkent i Usbekistan. Foto: pixabay

Eg heiter Helge Gullestad (Fosse), født 18.mai -05 på Flekkefjord sjukehus. Eg vart kalla ein konfirmantbaby sidan eg var så stor. Eg kjem tilbake til kvifor eg nemner dette seinare.

Vi var fem i familien, to storesøstrer og meg. Då eg var seks månader gammal, var me på veg heim til Moi frå Varhaug. I Bjerkreim kolliderte me med ein hjullastar.

Det førte til at far, mor og mi eldste søster omkom. Mi andre søster, Karina, blei hardt skadd og fekk varige men. Eg og Karina var så heldige at vår tante og onkel, Elisabeth og Svein Fosse, som eg med stor glede kan kalle mor og far, tok oss inn og oppfostra oss. Slik ende eg opp på Undheim.

Eg har gått gjennom mykje prøvelsar og smerte som med Guds hjelp har forma meg

til den eg er i dag. Elisabeth si tru har vore ei velsigning for mi tru. Eg takkar Jesus for at eg eit forhold til Han og fekk mi eiga tru i ung alder. Han kalla meg til misjonsarbeid, og det brann i hjartet for å dele evangeliet med dei som ikkje har høyrt det.

Som ung hadde eg eit veldig dårlig sjølvbilete. Eg likte ikkje den eg såg i spegelen. Eg fekk ein djup depresjon, angst og til tider sjølvmordstankar.

Ein sommar då eg var 13-14 år gammal, var eg på ein familieleir i Sverige. Denne leiren var driven av Ungdom i Oppdrag (UiO) noko eg ikkje visste då, men fekk vite i seinare tid. Dette var i den tøffaste tida for meg. For å gjere ein lang historie kort, så fekk eg eit møte med Gud på leiren. Han snakka liv inn i mørket og ga meg håpet tilbake. Eg hugsar spesifikt at Han sa at Han hadde mykje i vente for livet mitt. Same sommar blei eg spurt av nokre venner som òg var på leiren i Sverige, om eg hadde lyst og være med på ein Reborn, ein UiO-leir på Himmel og Hav. Her fekk eg for første gong høre om UiO. Eg visste med ein gong at dette var noko for meg.

Då eg var 17, arbeidde eg for Svein som forskarlingsnekker etter å ha droppa ut av vidaregåande. Eg kom inn på disippeltreningsskule (DTS) i januar -23, og reisa med UiO tok til.

DTS er eit seks månader langt kurs/skule. Det var heilt fantastisk! Eg fekk auga meir opp for det som står i ordet og mitt kall som misjonær, og Gud gav meg nye openbaringar. Eg fekk endeleg reise på oppdrag til Egypt, Sør-Afrika og Etiopia. Det var ei fantastisk oppleveling med ei god gruppe.

Etter dei seks månadane bestemte eg meg for å gå på ein tre månadar lang bibel-

skule gjennom UiO, som er intenst fokusert på Bibelen. Skulen starta i september -23, og det var her eg var så heldig og bli kjent med min gode bror Per.

Me blei romkameratar, og han hjalp meg gjennom skulen når eg hadde det vanskeleg. Her fekk eg for første gong høre at UiO ville sende ei gruppe til Usbekistan for å være der i eit år, og dele evangeliet med folkegruppa uigurar. Me fekk eit bilet frå Gud der me kunne sjå bølger av uigurar gjekk ut frå Usbekistan og til uigurar som er i interneringsleir i Kina. Bibelskulen var ei livsforvandlande reise med Gud, og eg ble enda meir forelska i Bibelen.

I januar -24 reiste eg til Mexico i seks veker, og etter det begynte eg som stab på Himmel og Hav. Her fekk eg sjå ei vekking veks fram blant ungdom i Rogaland og heile Norge.

I mai -24 tok eg valet om å reise til Usbekistan. Då eg sa det til mor fekk ho mange teikn frå Gud om at det var Han som kalla meg til å gå. Det gjorde at ho fekk ein uforståeleg fred over å sende meg.

Me er fem i gruppa her i Usbekistan. Heidi frå Norge, Cassandra frå USA, Kiley frå Canada, Joel frå Filippinene og meg. Me har fem mål:

1. Finne uigurane og skape relasjon med dei og dele evangeliet med dei.
2. Bli kjent og skape relasjoner med lokale for så å dele evangeliet.
3. Jobbe saman med UiO-Usbekistan, bli kjent og bidra i arbeidet dei gjer her.
4. Bli kjent med lokale kristne for å be for og oppmunstre dei.
5. Reise til alle 12 regionane + ein republikk, for å be om vekking i heile Usbekistan.

No har me vore her sidan 16. september, og me har gått gjennom mange prøvelsar, både med gruppa og til tider med motivasjon. Me bur i hovudstaden Tasjkent, men har reist til Samarkand, Sirdaryo, Surchondarja, Jizzakh, Qashqadaryo, Bukhara og Khorezm.

På onsdagar har me bønevandring og på torsdag var me lovsong. Nokon frå kyrkja vår starta ei ramadanbønevandring, der me gjekk på bønevandring og skreiv ned kva gate me gjekk i. Målet var å be i heile Tasjkent medan det var ramadan.

Eg fann fort ut at det er mange krefter som prøver å halde meg vekk frå Gud og det som er godt. Til dømes gode rutinar, som å lese og studere Bibelen, kome på tida til møter og forskjellige aktivitetar, halde meg vekke frå telefonen og ikkje bruke så mykje tid på den, men heller bruke tid til å gjere noko produktivt og oppbyggjande.

Det kjekkaste er reisene som me tek til andre steder, det fyller meg med så mykje og er veldig motiverande. Det andre er faktisk når eg tar taxi. Eg kjem i ein så god samtale med sjåføren og det er også ein god måte for meg og øve på usbekisk.

No kjem eg tilbake til kvifor eg ble kalla konfirmantbaby. Eg er nesten to meter høg og stikk veldig ut i mengda. Det veit eg er ei gáve frå Gud, for det fører til at mange ser på meg og då berre smiler eg tilbake og prøver og spreie så mykje lys som eg kan.




I mange tilfelle fører det til at eg kjem i prat med nokon.

Heidi og eg har bestemt oss for å bli i Usbekistan i lengre tid. Heidi i alle fall eit år til, og eg kjem til og vere her til Gud seier noko anna. Eg kjem til å vere ein del av teamet i UiO-Usbekistan, og eg har inga aning om kor lenge det vert, men kjem til å halde meg til UiO som ein M-arbeider.

Me er veldig takknemlege for at de som kyrkje vil støtte oss. De kan først av alt støtte med bønn. Me legg ut månadlege nyheitsbrev om korleis familie, venner og dei som vil kan be for oss. De kan og støtte oss med pengar. Det er mykje kostnader med reisene me tek.

Må Gud velsigne dykk i Undheim kyrkje for dykkar ønskje om å være ein del av det Gud gjer med oss og det Gud har kalla oss til her i Usbekistan.



Kva skjer i kyrkja?

Gudstenester

13. juli
17. august
31. august
14. september
28. september

Open kjeller

13. juni
15. august
5. september
26. september

Påfyll

12. juni

Småmøte

i kyrkjekjellaren
11. juni kl. 19.30

Kveldsmøte

7. september
5. oktober

Diakon Praxedes kjem til å vere i Undheim kyrkje på faste tider denne sommaren. Ho er tilgjengeleg for både formelle og uformelle besøk.

Datoar:

4. 18. og 25. juni, 2. juli frå kl. 10:00 – 15:00

Velkommen innom for ein prat.

Me har fått nye e-postadresser (dei gamle vil fungere ei god stund framover):

Nadine: NV744@kirken.no

Praxedes: PS453@kirken.no

Ingfrid: IN754@kirken.no

Håkon: HL366@kirken.no

undheim.soknerad@kirken.no

Følg oss på Facebook eller sjekk
www.undheimkyrkja.no/Kalender

Velkommen i kyrkja!

 <p>jæren sparebank</p>	 <p>JÆRPRINT TRYKK & DESIGN</p>	Vil du støtta Møteplassen og kyrkja med ei annonse? Send e-post til: undheim.soknerad@timekyrkja.no
<p>Johs. Egeland & Sønner as Transportforretning 4342 Undheim</p>	 <p>BYGGMESTER HERSDAL AS</p>	<p>Høiland & Tveit BetongEntreprenør</p>
<p>Elektrofag Jæren En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no</p>	 <p>Bryne Rør AS</p>	 <p>Møllervegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51798579 www.ahbygg.no</p>
<p>Sjekk Punkt BILVERKSTED Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no</p>	 <p>www.solinspirasjon.no Dikt, bilder og oppmuntringer</p>	 <p>JKE Transport JAN KARSTEN EGELAND TRANSPORTAS</p>
 <p>Preben Undheim mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no www.pundheim.no</p>	 <p>NILS REIME MASKIN GODKJEND ENTREPRENØR ALT I GRAVING OG TRANSPORT Tønsdal, 432 Undheim • Tlf: 51 49 45 31 • Fax: 51 49 60 64 • Mob: 971 59 400</p>	<p>UNDHEIM HANDELSLAG</p>   <p>undheim@coop.no - Tlf. 51 77 96 60 Landbruksavdeling tlf. 51 77 96 70</p>
 <p>Sandnes & Jærbetong</p>	 <p>Byggmester Ståle N. Sikveland</p>	<p>NOVA BEGRAVELSESBYRÅ</p>
 <p>TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig</p>	 <p>SpareBank 1 SR-BANK</p>	  <p>t&l Traktor & Landbruk www.traktoroglandbruk.no</p>
<p>TOM REE MASKIN</p>	 <p>Arrestad MASKIN Tlf. 924 51 777</p>	 <p>BondeKompaniet Brygga tlf. 480 10 878, man-fri 08-18, lør 09-15</p>